



Fylkesmannen i Vestland

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår dato:

18.06.2020

Vår ref:

2019/23676

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marte Ruvang Karlsen, 5557 2116

Nødvendige opplysingar vedlagt melding om val av forliksråd - Val av forliksrådsmedlemmer for perioden 2021 - 2025

Fylkesmannen i Vestland minner om at kommunane skal velje representantar til eit nytt forliksråd innan 15. oktober 2020 jf. domstollova (dl.) § 57.

Vi vil i den samanheng vise til at det er fleire vilkår som må vere oppfylt for at ein person kan veljast til forliksrådsmedlem.

Fordi forliksrådsmedlemma er dommarar, gjeld domstollova § 53 også for dei. Føresegna set krav om at forliksrådsmedlema må vere:

- norske statsborgarar
- vederheftige
- ikkje frådømd stemmerett i offentlege høve

I tillegg inneheld domstollova § 56 visse vilkår:

- vedkomande må ha fylt 25 år.
- vedkomande må vere under 70 år ved starten av valperioden, jf. § 70 andre ledd nr. 1.
- vedkomande må vere særskilt eigna til oppgåva og beherske norsk skriftleg og munnleg godt.

Det går også fram at føresegna at personar som ikkje er busett i kommunen kan nekte å ta imot val.

Etter domstollova § 56 første ledd andre punktum gjeld domstollova §§ 71 – 74 tilsvarande for forliksrådsmedlema. Det medfører at dei som er utestengde frå val som lekdommarar heller ikkje kan veljast som forliksrådsmedlemmer. Føresegne i domstollova § 71 oppgjev kven som er utestengde på grunn av stilling, medan § 72 oppgjev kven som er utestengde på grunn av vandel.

Etter domstollova § 73 er det kommunen som skal kontrollere at ingen vert valde i strid med §§ 70-72. I praksis vil den nødvendige informasjonen måtte innhentast dels gjennom kontakt med den



enkelte kandidat og dels ved førespurnad til strafferegisteret eller politiet. Ved førespurnader om vandel bør kommunen leggje vekt på at det ikkje skal innhentast meir informasjon enn det som er nødvendig for å avklare om personen er valbar etter § 72.

Etter domstollova § 74 kan ein person krevje seg friteken frå val dersom helsetilstanden eller andre særlege grunnar tilseier det, eller vedkomande har vore medlem av forliksrådet i to periodar tidlegare.

Det er elles ingen formelle grenser for kven som kan veljast som forliksrådsmedlem. Juristar kan veljast utover dei unntaka som følgjer av § 71. Tilsette ved kommuneadministrasjonen som ikkje tek direkte del i førebuingane eller gjennomføringa av valet kan også veljast.

Forliksråda har ei viktig og krevjande oppgåve. For at dei skal kunne løyse oppgåva, er det derfor viktig at det vert valt personar som på alle måtar er skikka til å inneha vervet. Kommunen bør oppmode dei valte til å delta på kurs som vert arrangert for forliksrådsmedlem. Dette vil gjere dei i betre stand til å ivareta oppgåvene til forliksrådet på ein god måte. Slike kurs vert årleg arrangert av Samarbeidsutvalet for forliksråd og namsmenn.

For gjennomføringa av valet gjeld kommunelova kapittel 6 med dei avvik som følgjer av domstollova § 57 og 27.

Etter § 57 tredje ledd skal rekjkjefølgja ved fleirtalsval både for medlemene og for varamedlemene avgjerast ut frå stemmetala, eller ved loddtrekning når stemmetallet står likt, med mindre kommunestyret einstemmig fastset rekjkjefølgja.

Vidare går følgjande fram av fjerde ledd:

«Dersom det ved forholdsvalg er nødvendig for å oppfylle kravet i § 27 om at det blant medlemmene skal være både kvinner og menn, og opprykk etter kommuneloven § 7-6 tredje ledd innen den enkelte liste er utelukket, skal kandidater fra det underrepresenterte kjønn rykke opp på den listen som har fått færrest stemmer. Det samme gjelder dersom det er nødvendig for å oppfylle kravet om at det også blant varamedlemmene skal være både kvinner og menn. Dersom det har vært opprykk etter første punktum på den listen som har fått færrest stemmer, skjer opprykket for varamedlemmene på den listen som har fått nest færrest stemmer. Ved stemmelighet avgjøres det ved loddtrekning på hvilken liste opprykk skal skje.»

Valet skal meldast inn til Fylkesmannen i tråd med domstollova § 58. Dersom Fylkesmannen finn at valet er lovleg, vil vi oppnemne dei valte etter den rekjkjefølgja som er fastsett ved valet. I motsett fall kan vi krevje at eit kommunen held eit nytt val.

Ut frå dei nemnte vilkåra ber vi om at desse opplysingane følgjer med meldinga om val:

- medlemane sin fødselsdato
- medlemane si stilling
- stadfesting på at kommunen har kontrollert at ingen av medlemane er valt i strid med §§ 53, 56, og 71-74
- vedtaket frå kommunestyret og saksframstillinga



Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Marte Ruvang Karlsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

**Mottakerliste:**

Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Eid fjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Årdal kommune	Postboks 40	6881	ÅRDALSTANGEN
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Alver kommune	Havnevegen 41 A	5918	FREKHAUG
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgr. 31	5750	ODDA
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND



Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS